

M Ø T E P R O T O K O L L

for

KONTROLLUTVALET I VÅGSØY KOMMUNE

MØTETID: 27. oktober 2015 kl. 13.00 – 16.10

MØTESTAD: Vågsøy rådhus, Einevarden

MØTEDELTAKARAR:

Kontrollutvalet: Inger Grethe Dalehamn, leiar
Jostein Einar Mykland, medlem
Jetmund Nyvang, medlem
Olav Gjesdal, medlem
Klaus Iversen, medlem. I sak 34 og 35

Dessutan møtte:

Vågsøy kommune: Norvall Bakke, økonomisjef

Vest kontroll: Jostein Støylen, dagleg leiar
Ida Birgitte Marholm, sekretær

Kommunerevisjonen
i Nordfjord: Torill Monsen, revisor
Markvard Sunde, revisjonssjef

Forfall:

Møtet var leia av: Inger Grethe Dalehamn

SAKLISTE

- SAK 31/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE.
MØTEPROTOKOLLEN
- SAK 32/15 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE
- SAK 33/15 ORIENTERING OM KONTROLLUTVALET SITT ARBEID
- SAK 34/15 REVISJONSPLANLEGGING – FINANSIELL REVISJON
- SAK 35/15 ØKONOMIMELDING II

SAK 31/15 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE. MØTEPROTOKOLLEN

Samrøystes vedtak

1. Innkalling og sakliste vert godkjent.
2. Til å skrive under møteprotokollen saman med leiaren vert vald Jetmund Nyvang.

SAK 32/15 GJENNOMGANG AV MØTEPROTOKOLLEN FRÅ SISTE MØTE

Samrøystes vedtak

Møteprotokollen frå møtet den 22.09.2015 vert teken til orientering.

SAK 33/15 ORIENTERING OM KONTROLLUTVALET SITT ARBEID

Vedlegg

Tidlegare tilsendte dokument: Kommuneleva § 77, Forskrift om kontrollutval, Boka «Førstehjelp for lokalpolitikarne»
Orienteringsskriv frå revisjonen, dat. 20.10.2015

Saksopplysningar

Det vart orientert om kontrollutvalet sitt arbeidsområde, bl.a. i power point framvisning.

- Presentasjon av Vest kontroll som er kontrollutvalet sitt sekretariat. Heimesida.
- Presentasjon av Kommunerevisjonen i Nordfjord, som er kommunen sin revisjon
- Orientering om sentrale ansvars- og kontrolloppgåver m.m. til kontrollutvalet:
 1. Tilhøve til kommunestyret. Jf også sak/dokument «Rettleiing for kontrollutvalet og kommunestyret sitt tilsynsansvar»
 2. Kven skal kontrollerast
 3. Kva slags oppgåver: Rekneskap
Forvaltningsrevisjon
Selskapskontroll
Overordna analyse for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
Plan for forvaltningsrevisjon og selskapskontroll
Andre oppgåver - kven kan pålegge det
Er kontrollutvalet eit klageorgan?
Kva saker skal direkte til kommunestyret og kva skal utvalet uttale seg om
- Kontrollutvalet er ikkje ein arena for politisk omkamp
- Korleis skal kontrollutvalet verte kjent og få respekt for sine saker
- Kontrollutvalsboka
- Tilhøvet til revisjonen
- Orientering i kommunestyret om kontrollutvalet / Årsmelding for kontrollutvalet
- Kontrollutvalet si heimeside

- Lukking av møte
- Inhabilitet
- Aktuelle kurs, lokale og sentrale
- Andre spørsmål som måtte kome opp
- Fordeling av arbeidsoppgåver i utvalet

Medlemene frå kontrollutvalet presenterte seg.

Det var og orientert om og delt ut informasjon om ulike kurs, lokale og sentrale.

Kontrollutvalet ynskjer møte på tysdager og møtestart kl. 09.00.

Samrøystes vedtak

1. Kontrollutvalet tek orienteringa i saka til vitende.
2. Kontrollutvalet vedtek slik fordeling på gjennomgang av møteprotokollar/saker:

Alle:	Kommunestyret
Inger Grete Dalehamn:	Helse- og omsorg
Jetmund Nyvang:	Formannskapet
Jostein Mykland:	Formannskapet
Olav Gjesdal:	Oppvekst og kultur
Klaus Iversen:	Andre utval

Klaus Iversen kom til møtet no.

SAK 34/15 REVISJONSPLANLEGGING – FINANSIELL REVISJON 2015

Vedlegg

Dokument frå revisjonen av 21.10.2015.

Saksopplysningar

Revisjonen gikk igjennom si revisjonsplanlegging finansiell revisjon for revisjonsåret 2015.

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek revisjonen sin gjennomgangen av revisjonsplanlegginga finansiell revisjon for revisjonsåret 2015 til vitende.

SAK 35/15 ØKONOMIMELDING II 2015

Økonomisjef Norvall Bakke møtte og orienterte og svara på spørsmål.

Vedlegg

Formannskapssak 111/15 Økonomimelding II 2015

For å sjå heile vedlegg 1 Investeringar gå innpå sakspapira til formannskapsmøtet 15.10.2015 på www.vagsoy.kommune.no)

Saksopplysningar

Viser til rådmannen si saksutgreiing for formannskapet og kommunestyret. Økonomimeldinga er ikkje behandla i kommunestyret enno.

Det vert vist til rådmannen sine kommentarar, og særleg til konklusjonen:
«Økonomimelding II er basert på det vi vet i dag, og det er ikke tatt høyde for uforutsette hendelser.

Behovet for investeringer er stort også i årene fremover. Dersom kommunen skal ha et driftsnivå som er økonomisk bærekraftig på lang sikt vil det være nødvendig med større kostnadskutt gjennom struktur- og kvalitetsendringer.»

Ut over dette vert det vist til saka og rådmannen si saksutgreiing.

Samrøystes vedtak

Kontrollutvalet tek økonomimelding II 2015 til vitende.

Møtet slutt.

Inger Grethe Dalehamn

Jetmund Nyvang

Møteprotokollen går til:

**Kommunestyret som melding
Kontrollutvalet til godkjenning i neste møte**